



Arkivsaknr: 2024/7662-4
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-2 frå 01.10.24 - 30.09.28 - Kulturboden AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kulturboden AS org. nr 927565552 får innvilga alminnelig skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 innadørs og utandørs for Kulturboden, Flatøyvegen 20, 5918 Frekhaug.
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 innandørs er måndag – torsdag kl 13.00 – 23.00. Fredag og laurdag frå kl 13.00 – 02.00.
3. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 utandørs er alle dagar frå 13.00 – 23.00 årleg i perioden mellom 01.05 og 30.08.
4. Styrar for skjenkeløyvet er Barbro Wiig Sulebakk f. 28.04.73 og avløyser er Simen Helgestad Sulebakk f. 20.03.97
5. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.10.24 – 30.09.28

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr.

Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn

Kulturboden AS har i søknad datert 25.06.24 søkt om fornying av skjenkeløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28. ZingZang AS org.nr 927565552 har no endra navn til Kulturboden AS. ZingZang fekk innvilga løyvet første gang 04.06.24 og Kulturboden AS søker no om fornying av løyvet på same vilkår. Barbro Wiig Sulebakk er styrar for skjenkeløyvet og Simen Helgestad Sulebakk er avløysar.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 innandørs er måndag – torsdag kl 13.00 – 23.00. Fredag og laurdag frå kl 13.00 – 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå 13.00 – 23.00 utandørs årleg i perioden mellom 01.05 og 30.08.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). Kulturboden AS søker løyve for ny periode.

Det blir vurdert at det ikkje er naudsynt med innhenting av nyandel.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til andel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.